

Utval:	Fylkestinget	
Møtestad:	Digitalt, Fjernmøte	
Dato:	15.12.2020	16.12.2020
Tid:	10:00-19:10	09:00-18:15

Tirsdag 15.desember
Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	A
Emil Gadolin	Medlem	A
Karianne Alette Torvanger	Medlem	A
Stian Jean Opedal Davies	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Torbjørn Vereide	Medlem	A
Nina Bognøy	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Linda Merkesdal	Medlem	A
		Frå kl. 12.30
		Permisjon frå
		kl.17.55
Per Jarle Valvatne	Medlem	A
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Trym Helge Aafloy	Medlem	FNB
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Morten Klementsens	Medlem	UA
Odd Erik Lind	Medlem	FNB
Nils Haugland	Medlem	FNB
Hege Nygård Dale	Medlem	UA
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Helge Stormoen	Medlem	FRP
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	FRP
Bjarte Vatnøy	Medlem	FRP
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Dan Stian Femoen	Medlem	H
Hanne Eva Kristensen	Medlem	H
John Andre Kongsvik	Medlem	H
June Vibecke K. Indrevik	Medlem	H
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	H
Karl Vågstøl	Medlem	H
Lise-May Sæle	Medlem	H
Gunnar Moland	Medlem	H
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	KRF
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG
Mark Taylor	Medlem	MDG
Pauline Tomren	Medlem	MDG

Mona Høgli	Medlem	MDG	
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG	
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP	
Jeanette Onarheim Syversen	Medlem	R	
Jon Askeland	Medlem	SP	
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP	
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP	
Sigrud Brattabø Handegard	Medlem	SP	
Hilde Horpen	Medlem	SP	
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP	
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP	
Mette Heidi B. Ekrheim	Medlem	SP	Permisjon 13.45-16.15
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP	
Lars Fjeldstad	Medlem	SP	
Marthe Hammer	Medlem	SV	
Åsmund Berthelsen	Medlem	SV	
Symphorien Pombe	Medlem	SV	
Marianne Sæhle	Medlem	SV	
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Kollbotn	Medlem	R
Senea Sabanovic	Medlem	A
Tor André Ljosland	Medlem	KRF
Gunhild Berge Stang	Medlem	V
Terje Søviknes	Medlem	Frp

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Katrine Helland Johannessen	Senea Sabanovic	A
Jon Olav Økland	Tor André Ljosland	KRF
Anders Hamre Sveen	Terje Kollbotn	R
Geir Kjell Andersland	Gunhild Berge Stang	V
Renate Møgster Klepsvik	Terje Søviknes	Frp
Eirik Haga	Karianne Alette Torvanger	A
Erlend Haugen Herstad	Mette Heidi B. Ekrheim	Sp

Til kl. 12.30
Kl. 13.45 - 16.15

Onsdag 15. desember

Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	A
Karianne Alette Torvanger	Medlem	A
Stian Jean Opedal Davies	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Torbjørn Vereide	Medlem	A
Nina Bognøy	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Linda Merkesdal	Medlem	A
Per Jarle Valvatne	Medlem	A
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Morten Klementsens	Medlem	UA
Odd Erik Lind	Medlem	FNB
Nils Haugland	Medlem	FNB
Hege Nygård Dale	Medlem	UA
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Helge Stormoen	Medlem	FRP

Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	FRP
Bjarte Vatnøy	Medlem	FRP
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Dan Stian Femoen	Medlem	H
Hanne Eva Kristensen	Medlem	H
John Andre Kongsvik	Medlem	H
June Vibecke K. Indrevik	Medlem	H
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	H
Karl Vågstøl	Medlem	H
Lise-May Sæle	Medlem	H
Gunnar Moland	Medlem	H
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	KRF
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG
Mark Taylor	Medlem	MDG
Pauline Tomren	Medlem	MDG
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP
Jeanette Onarheim Syversen	Medlem	R
Jon Askeland	Medlem	SP
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Sigrid Brattabø Handegard	Medlem	SP
Hilde Horpen	Medlem	SP
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP
Mette Heidi B. Ekrheim	Medlem	SP
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP
Lars Fjeldstad	Medlem	SP
Marthe Hammer	Medlem	SV
Åsmund Berthelsen	Medlem	SV
Symphorien Pombe	Medlem	SV
Marianne Sæhle	Medlem	SV
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Kollbotn	Medlem	R
Senea Sabanovic	Medlem	A
Tor André Ljosland	Medlem	KRF
Gunhild Berge Stang	Medlem	V
Trym Aafløy	Medlem	FNB
Emil Gadolin	Medlem	A
Mona Høgli	Medlem	MDG
Karl Vågstøl	Medlem	H

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Katrine Helland Johannessen	Senea Sabanovic	A
Jon Olav Økland	Tor André Ljosland	KRF
Anders Hamre Sveen	Terje Kollbotn	R
Geir Kjell Andersland	Gunhild Berge Stang	V
Eirik Haga	Emil Gadolin	A
Thore Helland	Trym Aafløy (FNB)	UA
Mariel Eikeset Koren	Mona Høgli	MDG
Kristin Mjanger	Karl Vågstøl	H

Frå administrasjonen møte (begge dager):

Namn

Stilling

Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Fylkesdirektør strategisk utvikling og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse
Bård Sandal	Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Bertil Søfteland	Leiar politisk sekretariat
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar/møtesekretær

Godkjenningssaker

GK 9/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

Møteinnkallinga vart godkjend utan merknader.

Det vart røysta over om følgjande saker skulle på saklista som politiske saker (vedtakssaker):

Tittel	Avrøysting	Saknummer
Om aktivitets- og redegjæringsplikten (ARP)	For: 65 Mot: 0	PS 179/20
Om Wizz Air	For: 39 Mot: 25	Ikkje sett på saklista
Vestland vil bli leiande i arbeidet for å førebyggje ulukker på sjøen	For: 64 Mot: 0	PS 180/20
Fråsegn- La Mustafa få bli	For: 44 Mot: 20	PS 181/20
Om nullutslepp av avfallsressursar og klimagassar	For: 14 Mot: 50	Ikkje sett på saklista

Med sak PS 179/20, 180/20 og 181/20 lagt til saklista, vart saklista godkjend.

GK 10/20 Godkjenning av møteprotokoll frå 29.09.20

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

Møteprotokoll frå møte 29.09.2020 vart godkjend utan merknader.

Referatsaker

RS 24/20 Orientering om utsetting av handsaminga av ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune

Vart referert.

RS 25/20 Pilotprosjektet Bømlo løypemelding 2020

Vart referert.

RS 26/20 Tenestepensjon for VLFK - utvikling i saka etter vedtak i Fylkestinget 10 september 2020

Vart referert.

RS 27/20 Oversikt over planlagde politiske saker til folkevalde organ - våren 2021

Vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 29/20 Interpellasjon frå Sæhle (SV) - om Aktivitets- og redegjæringsplikten (ARP)

«Arbeidet med likelønn går langsomt. Rapporten «Likelønn og det kjønnsdelte arbeidsmarkedet» fra CORE - Senter for likestillingsforskning viser at lønnsgapet mellom kvinner og menn er fremdeles for stor. Dersom vi ser tilbake til årtusenskiftet tjente kvinner 83,50 kroner av hver hundrelapp menn tjente. I dag tjener kvinner i snitt om lag 89 kroner av hver hundrelapp menn tjener. Lønnsgapet er redusert med 5 kroner og femti øre på 19 år. Dette er tall basert på timelønn. Ser vi på årslønn omregnet til heltid er dette tallet ca. 87 prosent. For de med bachelor-utdannelse er forskjellen mellom menn og kvinner på hele 17 prosent.

Uten likelønn blir det ingen likestilling. Lønn gir et økonomisk grunnlag som er avgjørende for levekår i hele livsløpet. Når pensjonen vår baserer seg på at alle år med inntekt skal telle med, og arbeidstaker må stå lenge i arbeid, medfører det at kvinner får dårligere pensjon og levekår - også som pensjonister.

Den 16. november markerte Norge likelønnsdagen. Den symboliserer at 87 prosent av året er passert og at kvinner i teorien jobber gratis ut året. Forsetter utviklingen i dag vil det ta femti år før vi oppnår likelønn.

Alle arbeidsgivere har et ansvar for å motvirke ulikelønn. Arbeidslivets parter har et særskilt ansvar for å sørge for at den forsterkede Aktivitets- og redegjæringsplikten i likestillings- og diskrimineringsloven (ARP) får innhold, og flere fagforeninger, deriblant Fellesorganisasjonen (FO), er opptatt av at ARP følges opp i praksis. ARP pålegger alle offentlige arbeidsgivere å jobbe aktivt, målrettet og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering.

Fra 1. januar 2020 har alle offentlige arbeidsgivere en aktivitetsplikt til å:

- a. Undersøke om det finnes risiko for diskriminering eller andre hindre for likestilling
- b. Analysere årsaker til identifiserte risikoer
- c. Iverksette tiltak som er egnet til å motvirke diskrimineringen og bidra til økt likestilling i virksomheten
- d. Vurdere resultatet av arbeidet etter bokstav a. - c.

Spørsmål:

Hvordan følger Vestland fylkeskommune, som arbeidsgiver opp Aktivitets- og redegjæringsplikten i likestillings- og diskrimineringsloven?

Forslag til vedtak:

1. Vestland fylkeskommune skal følge opp Aktivitets- og redegjæringsplikten i likestillings- og diskrimineringsloven. Fylkeskommunen skal jobbe aktivt, målrettet og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering i egen organisasjon.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen bruke aktivitetsplikten i likestillings- og diskrimineringslovens § 26 a - d til å kartlegge de faktiske forholdene i fylkeskommunen, samt foreslå tiltak som motvirker diskriminering til fylkestinget.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen årlig redegjøre for hvordan aktivitetsplikten har blitt fulgt opp for å avdekke faktisk tilstand i egen virksomheten og motvirke ulikelønn i egen organisasjon.»

Fylkesordføreren gir slikt svar:

Likestillings- og diskrimineringslova sitt krav om «aktivitets- og redegjæringsplikt» for arbeidsgjevarar inngår i verksemda sitt arbeid med internkontroll når det gjeld å fremme likestilling og hindre diskriminering. Lova pålegg arbeidsgjevarar å jobbe aktivt, målretta og planmessig på dette området.

Aktivitetsplikten er ein metodisk tilnærming som pålegg arbeidsgjevarar å vurdere risiko for diskriminering eller andre hindre for likestilling, analysere risikofaktorar og setje i verk tiltak for

å motverke diskriminering og bidra til auka likestilling. Vurdering av risiko og hindre skal m.a. gjerast på områda rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, forfremjing m.m.

Redegjøringsplikten er ei rapportering om faktisk tilstand av kjønnslikestilling i verksemda og arbeidet som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta.

Vestland fylkeskommune følgjer opp aktivitets- og redegjøringsplikten i likestillings- og diskrimineringslova slik:

Rekruttering

Vestland fylkeskommune har omlag 250-300 rekrutteringssaker årleg. Fullmaktene til å rekruttere ligg ute på avdelingane/einingane, I ein slik desentralisert struktur er det viktig med gode prosedyrar og god opplæring av leiarar i rekruttering. Rekrutteringsprosedyren til VLFK ivaretek krava i Likestillings- og diskrimineringslova om at det ikkje er lov å diskriminere på kjønn, alder, etnisk bakgrunn eller andre usaklege grunnar. Fylkestinget har óg fatta vedtak om at Vestland fylkeskommune skal vere ein arbeidsgjevar som legg til rette for rekruttering av menneske med nedsett funksjonsevne og menneske med «hol» i CV' en sin. Vestland fylkeskommune har såleis som mål å leve opp til ein beste praksis på rekrutteringsområdet som fremjar likestilling og hindrar diskriminering. God opplæring av leiarar i rekrutteringsarbeid er her avgjerande for å lukkast og vil bli prioritert av fylkeskommunen.

Heiltidskultur

Fylkestinget har understreka at fylkeskommunen som hovudregel berre skal lyse ut faste og heile stillingar. Fokus på heiltidskultur starta allereie i dei to tidlegare fylkeskommunane. Av konkrete tiltak som er sett i verk kan nemnast 1) aktivt bruk av lov- og regelverk ved rekruttering, 2) fokus på arbeid på tvers i eininga, 3) kartlegging av uønska deltid, 4) fast tema på utviklingssamtalen, 5) prøveordning med intern utlysing etter nærare bestemte kriterium.

Ei kartlegging av uønska deltid i tidlegare HFK viste at omlag 1/3 av dei som arbeidde deltid ønska seg større stillingsprosent. utfordringa i forhold til å utvikle ein heiltidskultur er først og fremst knytt til denne gruppa. Å ikkje kunne tilby heil stilling til dei som går i ufrivillig deltid er ei form for utestenging frå eit fullverdig arbeidstilhøve. Vestland fylkeskommune vil difor ha fokus på heiltidskultur framover.

Likeløn

I samsvar med intensjonsplanen for samanslåinga av dei to fylkeskommunane er det no sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal sjå på ei harmonisering av dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår der dette er rimeleg. Arbeidsgruppa vil m.a. sjå på om det er systematiske lønsforskjellar mellom dei to tidlegare fylkeskommunane på stillingsgrupper, på individnivå, mellom kjønn og gjennomføre tiltak for å rette opp skeivheiter.

Rapportering

I tråd med kommunelova § 25-2 vil fylkesrådmannen årleg rapportere om arbeidet med internkontroll i verksemda.

Vestland fylkeskommune vil i årsrapportar gjere greie for fordeling av kvinner og menn i leiarstillingar og generell fordeling av kvinner og menn i organisasjonen. Vidare vert det rapportert om omfang av deltidstilsette og tilsette med fleirkulturell bakgrunn.

Fylkeskommunen vil årleg ta ut lønsstatistikk som både viser gjennomsnittet i verksemda, men óg lønsnivå for kvinner og menn på ulike nivå/stillingskategoriar.

Det vil årleg bli rapportert særskilt til administrasjonsutvalet om utvikling i deltidstilsette, tilsette med fleirkulturell bakgrunn og lønsnivå for kvinner og menn.

Konklusjon

Fylkesordføraren vil be fylkesrådmannen følge opp dette viktige arbeidet med å fremme likestilling og hindre diskriminering i organisasjonen og årleg rapportere om status for arbeidet til fylkestinget gjennom årsmelding og internkontroll. Vidare vil fylkesrådmannen syte for regelmessig rapportering til administrasjonsutvalet.

SI 30/20 Interpellasjon frå Sveen (R) - om Wizz Air

«Wizz Air ut av vestlandet og landet - norsk løn for flyarbeidarar i Norge!

Det ungarsk-eigde lågprisselskapet Wizz Air er i ferd med å etablere flygingar på fleire norske ruter. Dette skjer medan koronapandemien og krisa i norsk luftfart er ein realitet. Wizz Air har profilert seg som eit fagforeiningsfiendtleg selskap, som vil knuse alle forsøk på fagorganisering både i Norge og andre land. Dette er uttalt politikk og praksis frå m.a. konsernsjef Jozsef Varadi.

Ifølge Dagens Næringsliv må pilotane i Wizz Air betale sykepengar sjølve, samstundes som dei kan seiast opp på dagen. I følgje frifagbevegelse.no endte eit forsøk på å starte ei fagforeining for Wizz Air-ansatte i Romania i 2014 med at 19 fagorganiserte fekk sparken. Dette er uakseptabelt.

Då EØS-avtalen vart vedtatt i Stortinget i 1992, vart det hevda at avtalen ikkje ville omfatte norsk arbeidsliv - og det skulle vere nulltoleranse mot sosial dumping. Det motsette har skjedd.

LO og dei største LO-forbunda har vedtatt at ILO-konvensjonar, den norske Arbeidsmiljølova og norske tariffavtalar skal ha forrang foran EØS-avtalen. Slik Raudt ser det, så hadde det aller beste vore om Noreg snarast mogleg vart meldt ut av EØS. Raudt meiner at alle som er opptatt av kampen mot sosial dumping bør kunne vere samde om at så lenge Noreg er med i EØS, så bør handlingsrommet innafor EØS-avtalen nyttast fullt ut i Norge.

Wizz Air bryt utan tvil både ILO-konvensjon 87 og den norske grunnlova paragraf 101 om retten til fagorganisering. Pilotforbundet har alt oppmoda politiet om å etterforske selskapet.

Internasjonale konvensjonar avgrensar adgangen for flyselskap til å driva innanrikstrafikk i andre land enn der dei høyrer heime. Chicago-konvensjonen frå 1944 gjev statar rett til å nekte kabotasje i lufta. I staden for å sjå på at ein skandinavisk flybransje havarerer, kunne regjeringa ha brukt denne konvensjonen til å stoppe Wizz Air.

Norske styresmakter bør stanse Wizz Air si verksemd i Norge så lenge dei ikkje respekterer norske løns- og arbeidsvilkår og organisasjonsrett, og fordi selskapet bryt med internasjonale konvensjonar.

Spørsmål til fylkesordføraren:

1. Deler fylkesordføraren dette synet på Wizz Air, eit syn som Raudt samt store delar av norsk fagrørsle og det norske folk står saman om?
2. I fall svaret er ja, kva vil fylkesordføraren gjere for å freiste å hindre at Wizz Air får fly på ruter i Vestland fylke og resten av landet?

Framlegg til vedtak:

Norge er eit langstrakt land der flytransport og ikkje minst kortbanenettet er viktig for å binde landet saman. Vestland fylkesting meiner at det er behov for ein nasjonal flybransje i samsvar med norske tariffavtalar og norske løns- og arbeidsvilkår. Wizz Air står i dag for det motsette og er eit trugsmål mot den norske modellen i arbeidslivet og norsk luftfart. Vestland fylkesting vil på det sterkaste oppmode norske styresmakter om å vise handlekraft for å få Wizz Air ut av den norske flymarknaden om dei ikkje respekterer spelereglane i norsk arbeidsliv. Dette må skje uavhengig av kva EØS-avtalen sitt overvåkingsorgan ESA i Brussel måtte meine.

Inntil dette skjer, vil Vestland fylkeskommune boikotte å nytte Wizz Air og melde til Luftfartstilsynet at Wizz Air er uønska på flyplassar i Vestland fylke.»

Fylkesordføraren gir slikt svar:

Spørsmål 1

Representanten frå Rødt tek opp ei sak som ganske rett opptek mange. I Norge er det brei politisk semje om arbeidslivsmodellen, og velferda vår er tufta på eit godt organisert arbeidsliv.

Fylkesordføraren har ikkje inngåande kjennskap til aktøren Wizz Air, og det framstår som meir og meir uklart kva arbeidsvilkår dei tilbyr sine tilsette. Det bør dei klargjera tydeleg. Det andre dei må tydeleggjera og følgja, er at dei vil følgja norske lover og reglar. Brot på desse reglane, skal

sjølvsagt møtast med reaksjonar. Eg forventar at nasjonale styresmakter ser til at næringslivsaktørane følgjer norsk lov og spelereglane i arbeidslivet generelt.

Spørsmål 2

Aktørar som oppfyller dei formelle krava, konkurrerer på like vilkår. Det å gå etter enkeltaktørar som ikkje bryt med desse, er det ikkje rom for. For det andre, er dette komplekset i stor grad underlagt nasjonale og internasjonale reguleringar og avtalar, der handlingsrommet for fylkeskommunane naturleg nok er avgrensa. Når det er sagt, er det naturleg at fylkeskommunen vil vere ein aktiv forvaltar på alle sine ansvarsområde saman med nasjonale styresmakter. Det gjeld også forvaltninga av lufthamner og flytrafikk. Eg ser det som uaktuelt for fylkeskommunen å kjøpa tenester frå selskap som bryt med norsk lov, og som undergrev spelereglane i arbeidslivet.

SI 31/20 Interpellasjon frå Andersen (FNB) - Vestland vil bli leiande i arbeidet for å førebygge ulukker på sjøen

«Vestland vil bli leiande i arbeidet for å førebyggje ulukker på sjøen

I november 2020 omkom ein person i Kalvåg, Bremanger etter at ein bil med 2 personar hamna i sjøen.

Fram til no i 2020 har 12 personar mista livet i Vestland som følgje av drukning. Denne ulukkesårsaka er dermed om lag på same nivå som omkomne i trafikken i fylket vårt.

Vestland fylke har eit stort og koordinert arbeid når det gjeld førebygging av trafikkulukker. Vi har trafikktryggingsutval, trafikktryggleikskonferanse og det vert delt ut trafikktryggleikspris.

Fylket vårt er eit stort ferje- og båtfylke. Dei fleste bur i nærleik til sjøen og mange har, eller planlegg å skaffe seg, fritidsbåt. Dette er opphav til mykje positiv aktivitet og god folkehelse. Likevel er det ulukkestalet knytta til sjø, båtliv, bading og fall frå land for høgt.

Spørsmål til fylkesordføraren:

- Korleis organiserer Vestland fylke pr i dag innsatsen knytta til førebygging av ulukker på sjøen, inkl drukning?
- Kan trafikktryggleiksutvalet få eit utvida ansvarsfelt eller bør innsatsen organiserast på annan måte?

Framlegg til vedtak

- Vestland ønskjer å være eit leiande fylke i arbeidet for trygg ferdsle på sjøen og den førebyggjande innsatsen for å få ned talet på drukningsulukker i fylket. Fylket skal ha ein nullvisjon for talet på omkomne på sjøen. Vestland skal i 2021 utarbeide ein strategiplan og starte iverksetjing av konkrete tiltak for å nå dette målet.»

Fylkesordføraren gir slikt svar:

Korleis organiserer Vestland fylke pr i dag innsatsen knytt til førebygging av ulukker på sjøen, inkl. drukning?

Skadeførebygging er ein del av folkehelsearbeidet, og eit viktig innsatsområde for å skape gode og trygge lokalsamfunn. Vestland fylkeskommune har etablert samarbeidsnettverk innan folkehelse med kommunar og andre aktørar. Etter folkehelselova skal fylkeskommunen og kommunar ha oversikt over skader og ulykker.

Dei to gjeldande regionale folkehelseplanane i Vestland rettar merksemda på gode bu, nærmiljø og lokalsamfunn. I planen for Sogn og Fjordane vert det framheva at viktige føresetnader for god fysisk og psykisk helse, trivsel og livskvalitet er trygge omgjevnader der folk ikkje fryktar skader, ulykker, vald og kriminalitet. I planen for Hordaland er det sett mål om færre skader og ulykker. Gjennom tilhøyrande strategi er det ønskeleg å auke kunnskapen om omfanget av skader og

ulykker, og å fremje gode tiltak for å redusere talet på desse. Fram til no er det førebygging av trafikkulykker som har vore innsatsområde for fylkeskommunen. Førebygging av ulykker på sjøen, inklusive drukning er eit breitt innsatsområde som krev innsats frå mange ulike sektorar og mange aktørar. I hovudsak ligg ansvaret hjå statlege styresmakter og kommunane, fylkeskommunen har ei avgrensa rolle. Samhandling mellom desse er sentralt. Administrasjonen er kjend med at gode samfunnsaktørar utviklar satsingar for vasstryggleikopplæring for born og unge, og er i samarbeid med kommunar og nokre vidaregåande skular i Vestland.

Det er ikkje arbeidd fram strategiar eller tiltak på området førebygging av ulykker på sjøen, inklusive drukning i Vestland fylkeskommune. Teamet førebygging av ulykker på sjøen inklusive drukning, kan takast opp i samband med revisjon av handlingsprogram for folkehelse i 2021.

Kan trafikktryggleiksutvalet få eit utvida ansvarsfelt eller bør innsatsen organiserast på annan måte?

I gjeldande reglement er trafikktryggingsutvalet si rolle og ansvarsområde skildra slik: «Etter vegtrafikklova § 40a har fylkeskommunen eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggleiken i fylket. Trafikktryggingsutvalet skal vere eit rådgjevande organ i saker som gjeld trafikkspørsmål, og i saker som gjeld koordinering av trafikktryggingsarbeidet i Vestland fylke». Om Vestland skal setja sjøtryggleik og drukningsulykker høgare på den politiske dagsordenen, kan ei utviding av ansvarsfeltet til trafikktryggingsutvalet vere ein mogleg modell. Det er likevel truleg ein god idé å utgreia temaet og innretningar av arbeidet nærare før ein konkluderer med kva som er tenleg organisering. Ei slik utgreiing kan gjerast i samband med revisjon av handlingsprogram for folkehelse i 2021. Det kan også vere trong for ein gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget. Fylkesordføraren er elles positiv til at me også på dette spørsmålet nyttar oss av rolla som regional utviklingsaktør til å mobilisere og engasjere, og fylkesordførar har takka ja til eit initiativ frå redningsselskapet om auka fokus på symjeopplæringa i 2021.

SI 32/20 Spørsmål frå Taylor (MDG) -Fylkeskommunen sine moglegheiter til å oppnå sine akvakultursaker

«Skriftleg spørsmål om fylkeskommunen sine moglegheiter til å oppnå miljømåla sine i akvakultursaker - til fylkestinget 15.-16. desember 2020

Fylkesordførar,

i *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024* er mål 2 «Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling» og strategi 2.1 «Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030».

I PS 236/2020 vedtok eit samrøysta fylkesutval eit mål om «full utnytting av avfallsressursane», eit klart politisk signal at Vestland fylkeskommune vil krevje full utnytting av avfallsressursane frå oppdrett - noko som inneber null utslepp. Fylkestinget har delegert mynde i akvakultursaker til Fylkesrådmannen. Fylkeskommunen sin heimel er akvakulturlova. Fylkeskommunen kan i prinsippet ivareta omsynet til vill fisk, korallar og anna truga naturmangfald gjennom redusert eller null utslepp til fjorden og lufta, men for å gjere det må fylket ha eit heimelsdokument frå fylkestinget - d.v.s. politisk vedteke retningsliner for handsaming av søknader.

Fylkesmannen gjer vedtak i akvakultursaker etter forureiningslova og gir uttale etter naturmangfaldslova, men fylkeskommunen gjer ei samla vurdering i slutthandsaminga og tek den endelege avgjerda i saker. Fylkeskommunen ser om miljødokumentasjonen i søknader gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltak får vesentleg verknad for miljø og samfunn eller ikkje.

Ifølgje brukarhandboka frå Fiskeridirektoratet er dei mest krevjande kriteria ved slutthandsaming av søknader kriteria om tiltaket er miljømessig forsvarleg. Dette betyr at fylkeskommunen må vurdere tiltak opp mot raudlisteartar, naturtypar, påverknaden på vill laks og sjøaure, marine fiskeartar og anna marint liv, forureining/utslepp med meir. Skader på sentrale miljømål skal ikkje tillast.

Sidan Vestland fylkeskommune er ein pådrivar for nullutslepp og set klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, må fylket sine miljømål vege tungt i fylkeskommunen sine vurderingar om akvakulturtiltak har vesentleg verknad for miljø og samfunn, og i den samla vurderinga og endelege vedtak som fylket fattar. Akvakulturnæringa er ein del av samfunnsutviklinga og må ta del i den nødvendige klimaomstillinga.

Då spør eg:

Korleis kan fylkeskommunen, i tråd med Vestland sine mål, krevje nullutslepp av avfallsressursane til sjøen og nullutslepp av klimagassar (eller i det minste, ein reduksjon av desse), i handsaming av akvakultursaker, til dømes i samband med vurderingane av verknaden for miljø og samfunn og av konsekvensane for miljøet og naturmangfaldet i ei samla sluttvurdering og endeleg vedtak?

Vil fylkesordføraren ber om ei sak med eit forslag til eit heimelsdokument frå fylkestinget med politisk vedtekne retningsliner for handsaming av akvakultursøknader som tek utgangspunkt i Vestland fylke sine mål om nullutslepp til sjøen og lufta?»

Fylkesordføraren gir slikt svar:

1. *Korleis kan fylkeskommunen, i tråd med Vestland sine mål, krevje nullutslepp av avfallsressursane til sjøen og nullutslepp av klimagassar (eller i det minste, ein reduksjon av desse), i handsaming av akvakultursaker, til dømes i samband med vurderingane av verknaden for miljø og samfunn og av konsekvensane for miljøet og naturmangfaldet i ei samla sluttvurdering og endeleg vedtak?*

Fylkeskommunen/VLFK har eit klart regionalt utviklingsansvar, og det er som utviklingsaktør måla om nullutslepp av avfallsressursar og nullutslepp av klimagassar ligg. VLFK arbeider innanfor fleire satsingar for å nå desse måla, og det er gjeve støtte til fleire tiltak.

Innanfor sjøområde kan nemnast den nyleg vedtekne marine satsinga for 2020-2030, sjå FUV PS 228/2020. Der det i eit av vedtaka mellom anna heiter: «*På sikt er målet full utnytting av avfallsressursane, null rømming, reduksjon i lakselus og auka bruk av berekraftig fôr.*»

I møte i hovudutval for næring 15.10.2020 var det frå administrasjonen gjeve ei innføring i fylkeskommunen sine oppgåver etter akvakulturregelverket. Det vart mellom anna vist til at akvakultursøknader skal handsamast etter konkrete forskrifter, der konklusjonane skal følgje av faglege vurderingar. Der fylkeskommunen har vedtaksmynde etter forskriftene er saksfeltet sterkt regulert og det er svært lite rom for politiske skjønn. Politikken på området må utformast i samband med overordna planlegging. Når ein kjem til dei konkrete løyvesakene m.v. er politikken alt lagt i tidlegare vedtekne planar, og fylkesordføraren ser sakene som kurante og ikkje prinsipielle når det kjem til dei individuelle søknadene.

Etter fylkesordføraren sitt syn legg spørsmåla frå MDG opptil at VLFK blandar forvaltarrolla etter akvakulturlova og rolla som utviklingsaktør, noko som vil vera mindre heldig.

2. *Vil fylkesordføraren be om ei sak med eit forslag til eit heimelsdokument frå fylkestinget med politisk vedtekne retningsliner for handsaming av akvakultursøknader som tek utgangspunkt i Vestland fylke sine mål om nullutslepp til sjøen og lufta?»*

Ei slik sak som MDG ønskjer krev etter fylkesordføraren sitt syn endringar i regelverket for tildeling av akvakulturløyve. Dersom Nærings- og fiskeridepartementet meiner at det bør innførast politisk vedtekne retningsliner for handsaming av akvakultursøknader som tek utgangspunkt i fylket sine mål om nullutslepp til sjøen og lufta er det dei som sit med moglegheit til å endre regelverket. VLFK vil sjølvsagt bidra med innspel til eventuelle regelverksendringar.

SI 33/20 Spørsmål frå Brosvik (Krf) - ungdomskort og plassbestilling på snøggbåt

«Krf har ved eit par høve (seinast 11.03.20) teke opp spørsmålet kring ungdomskort og plassbestilling på snøggbåt. Slik det er no kan ikkje elevar (hybelbuarar) som nyttar båten til/frå vidaregåandeskule vere trygge på få plass heim ein fredagskveld eller tilbake søndagskveld, slik at dei når skulen mandag. Dvs. dei får det viss dei betaler fullpris og ikkje nyttar ungdomskortet. For å vise kva dette betyr i pengar: Ein elev frå Gulen som går i Måløy betaler kr. 1012,00 t/r. Ungdomskortet kostar 375,00 for ein månad. For enkelte elevar betyr dette rett og slett at dei td i helger før jul eller når det er mykje trafikk, ikkje tør å reise heim med båten.

Svaret frå fylket har vore at både Skyss og operatør er bekymra for "no-show". Med det meiner ein at kundar med reservert plass ikkje dukkar opp til avgangen dei har reservert plass på. I dei tilfella der ein har avgangar med stor etterspørsel, fører dette til tapte

inntekter for operatørar på nettokontraktar, sidan dei elles kunne seld billetten til ein annan, ofte til vaksen pris. I dette ligg det etter mi meining ein sterk og ungrunna mistillit til ungdomane.

I svaret 11.03.20 til SAMO seier administrasjonen at det er planlagt eit møte med operatør for å diskutere problemstillinga.

Spørsmål:

Har dette møte vore, og kva kom ut av det?

Er ordninga endra, slik at elevar kan nytte ungdomskortet uten å vere redde for å stå att på kaia?

Om ikkje; Vil fylkesordføraren følgje opp saka, slik at ho vert løyst til beste for ungdomane?»

Fylkesordføraren gir slikt svar:

Operatør av aktuell båtrote har stadfesta at dei ikkje ønsker å opna opp for plassreservasjon for reisande med ungdomsbillett grunna problematikk med no-show. Dette betyr at p.t har ikkje Skyss ei ordning for plassreservasjon for kundar med ungdomsbillett på nettokontraktar på båt. Dersom Skyss pålegg operatør å opna opp for dette kan det medføra kompensasjonskrav.

Når det gjeld bruttokontraktar på båt jobbar Skyss no med å utarbeide ein kravspesifikasjon for ei slik løysing. Målet er ei løysing som kan vere integrert med Skyss sitt billettsystem og som vil gi tilgang på plassreservasjon for både ungdommar og andre kundar som reiser med båt i Vestland. Når arbeidet med å spesifisere løysing er avslutta og utviklingskostnader er kartlagt, vil Skyss ha meir informasjon om når ein løysing for plassreservasjon eventuelt kan verte lansert.

SI 34/20 Spørsmål frå Midelfart Hoff (H) og Øvre-Flo (H) - munnbind til vidaregåande elevar til rabattert pris

«Munnbind har vist å ha effekt som et av flere tiltak for å demme opp for utbredelse av corona i samfunnet. Imidlertid utgjør engangs munnbind en betydelig avfallsbelastning og vi ser idag en økende grad av forsøpling, blant annet rundt fylkets kollektivknutepunkt.

I forhold til bruk for publikum på buss, bane etc vil munnbind av stoff være like effektivt, kunne brukes flere ganger og således redusere forsøpling.

Fylkets ungdommer som ofte trenger å bruke kollektivtransport, er ofte storforbrukere av munnbind- samtidig som dette er en gruppe som ønsker å bidra til å redusere våre miljøavtrykk. Det hører også med til bildet at stoffmunnbind ofte koster opp mot et par hundre kroner.

Vi ber derfor fylkeskommunen om ta initiativ til å selge munnbind til fylkets vidaregåande elevar til rabattert pris.

Gjennom at fylket bestiller et stort kvantum kan prisen holdes lav, samtidig som det er mulig å gå i dialog med lokalt næringsliv for å få munnbind som både tilfredsstillende miljøkrav og smittevernshensyn.»

Fylkesordføraren gir slikt svar:

I samband med oppblomstringa av Covid-19 i haust, vart det innført påbod om bruk av munnbind mellom anna ved bruk av kollektivtransport i Bergen og nabokommunane. Påbodet gjeld dersom det ikkje er råd å halde 1 meter avstand til andre. For kommunane elles i Vestland er det tilrådd å bruka munnbind når 1-metersregelen ikkje kan holdast.

Representantane Midelfart Hoff og Øvre-Flo (H), peikar på at bruk av eingongs munnbind utgjør ein betydeleg avfallsbelastning og at vi ser ei aukande grad av forsøpling, mellom anna ved kollektivknutepunkta. For å redusere forsøplinga ber dei fylkeskommunen kjøpe inn tøy-munnbind, som ein skal selje vidare til elevar i vidaregåande skule til rabattert pris.

Den nasjonale tolkinga seier at munnbind er ein del av den personlege utrustninga på lik linje med klede og sko. Elevar i vidaregåande skule må difor sjølve skaffe munnbind. Dersom fylkeskommunen skal gjennomføre ein anskaffelseprosess, distribuere og selje tøy-munnbind til elevane, vil det vere ein tid- og arbeidskrevjande prosess som skulane ikkje har kapasitet til å gjennomføre slik situasjonen er no.

Politiske saker

PS 137/20 Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 6/20

Forslag til innstilling

Budsjettdokumentet som vist i vedlegg til arbeidsdokument 6/20 er finansutvalet sitt framlegg til årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021 -2024 for Vestland fylkeskommune med disse endringane:

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 18.11.2020

Natalia Golis, MDG, sette fram slikt forslag:

Administrasjonsutvalet tek saka til vitande.

Avrøysting

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til finansutvalet

Administrasjonsutvalet tek saka til vitande.

Saksprotokoll i finansutvalet - 19.11.2020

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Tiltak	Meirutg./mindreinni.	Meirinnt./mindreutg.
Ferjekompensasjon	55000000	
Skule-fond	15000000	
Miljøkoordinatorar	13000000	
TAF/YSK	2000000	
Toppidrett	600000	
Sommarskule/leksehjelp	1100000	
Ladestasjon langs fylkesvei	2000000	
innfartsparkering	6000000	
KODE	1100000	
Reklame buss/ferge		20000000
Administrativt innsparingsprogram		25000000
Sjølvsprofilering, halvårsverknad		7700000
Utsetje merking av bussar		5000000
Skulepsykologar		2900000
Vaksine		2100000
Skulefrukost		10000000
Elev-PC, eigenandel		1900000
Oppfylling av klassar		5000000
Ressurs til bibliotekar + stilling koordinator skulebibliotek		1200000
Disposisjonsfond		15000000
Total	95800000	95800000

--	--	--

Tilleggsframlegg investeringar fylkesveggar:

Tal i 1000 kr.

Prosjekt: Svelgen-Indrehus			
Totalt 2021-2024: 1 450 000			
2021	2022	2023	2024
10 000	500 000	500 000	440 000
Finansiert med lån.			

Prosjekt: Atløysambandet			
Totalt 2021-2024: 1 000 000			
2021	2022	2023	2024
10 000	330 000	330 000	330 000
Finansiert med lån/ferjeavløysingsordninga.			

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Det vert ikkje budsjettert med auka inntekt frå fergekompensasjonsordninga på 55 mill kr før evt. Stortinget har vedtatt dette. Avsetting til disposisjonsfond vert redusert med 55 mill kr i 2021.

2. På område for Hovudutval for samferdsel og mobilitet (SAMO) gjer Finansutvalet følgjande prioriteringar;

Udisponert A-dok 6/20 kr 89,8 mill (ligg på Veg - drift og vedlikehald)

Bruk av diesel i staden for biodiesel buss kr 23,5 mill

Utsette omprofilering Kringom kr 7 mill

Sum disponibel kr 120,3 mill

Kollektiv

Ikkje fjerne takstkompensasjon for ungdomskort i kommersielle ruter kr 15 mill

Ikkje takstauke buss og bane med 1% prisstigning kr 10 mill

Ikkje fjerne arbeidskjøring innan TT-ordninga kr 3 mill

Sum kr 28 mill

Infrastruktur og veg

Ingen innsparingstiltak blir gjennomført, ref. tabell s 77 vedlegg A-dok 6/20 kr 71,8 mill

Ytterlegare auke i dekkelegging veg kr 20,5 mill

Sum kr 92,3 mill

3. Udisponert Hovedutval kultur, idrett og integrering (KULI) på kr 2,6 mill vert sett av til Tilskot U23 EM friidrett i Bergen 2021.

4. Udisponert Hovedutval for næring kr 2,4 mill vert sett av til Prosjekt Marin satsing.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

FNB legg posisjonen sitt budsjettframlegg til grunn med følgjande endringar:

Driftsbudsjett

Mål : oppnå nullvekstmål. sikre utbetaling av belønningsmidlar i byvekstavtalen

Verkemiddel : prisnivå kollektiv redusere med 2,0 %

Budsjett : takstar i 2021 på buss og bane

Kostnad : 20 MNOK

Gratis innfartsparkering : 6 MNOK

Inndekning : Erstatte biodiesel med autodiesel på buss : 23,5 MNOK

Ikkje båtturistrute til Flåm sommaren 2021 : 3,0 MNOK

Investeringsbudsjett

Mål : Rassikring. Tokagjelet ny veg - finansiering og byggjing.

Budsjett : +200 MNOK (40 MNOK 2022, 80 MNOK 2023, 80 MNOK 2024)

Inndekning : -200 MNOK frå Bybanen steg 5 (40 MNOK 2022, 80 MNOK 2023, 80 MNOK 2024)

Investeringsmidlar planlagt til 'Framtidige bompengeprojekt' Tokagjelet, Kvinnheradpakken og utvida Bømlopakke blir samla på 1 bompengefritt prosjekt (Tokagjelet). Samla investeringsmidlar er 160 MNOK (10 MNOK 2021, 50 MNOK 2022, 50 MNOK 2023, 50 MNOK 2024)

Mål : Rassikring. FV 609 Askvoll - Førde v. Hundsåna

Budsjett : 500 MNOK (250 MNOK 2023) År 2024 (250 MNOK 2024)

Inndekning : Sal av fylkeskommunen sitt bybanemateriell (investert totalt 850 MNOK). Antatt salsverdi 500 MNOK (2023).»

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av Sp, A, MDG, V, KrF og SV fram slikt forslag:

1. Finansutvalet syner til protokollen frå møte i finansutvalet 19.10.2020, og vedtakspunkt 7 der følgjande auke i sektorrammene vart vedteke:

SAMMO 89,9 mill
KULI 2,6 mill
Næring 2,4 mill
Sum 94,9 mill

I tillegg legg finansutvalet inn følgjande salderingstiltak:

Redusert overføring til disposisjonsfondet 2,95 mill

2. Finansutvalet reverserer følgjande kutt i finansdokumentet og legg følgjande prioriteringar til grunn for auken i sektorrammene:

SAMMO:

Kollektiv	
Takstauke 1% over prisvekst	8
Fryse enkeltbillett på 39 kr.	6
Reversert takstauke ungdomskort og innføring i heile Vestland	16
Red frekvens buss/bane Bergensomr	2
Takstauke 1 bybanen	2
Kutt billettkontroll	-6
Innfartsparkering	6
SUM	34
Veg og infrastruktur	

Red trygg skuleveg	5
Red tilskotsordn	3,5
Ymse FTU	1,5
Red rydding ras/flaum	15
Steng rastepl/toalett	1
Driftskontrakter	-3
Dekkelegging	31,9
KS2 Atløysambandet	1
SUM	55,8
SUM SAMMO	89,9

KULI:

Kultur		Løyvingsnivå
U23 EM	2 000 000	Idrett og friluftsliv: Idrettsarbeid
Museumsløft 2021	600 000	Kulturarv: Museum
Stipend (kunst)	100 000	Kunst og kulturutvikling: Kunstproduksjon
Kulturelt utviklingsprogram	300 000	Kunst og kulturutvikling
Det Akademiske Kvarter	100 000	Kunstformidling: Tilskot til drift av kulturhus
Tilskotb b/u-organisasjoner	100 000	Ymse b/u-føremål
Inkludering og mangfald - prosjektstøtte	200 000	Inkludering, strategi og analyse
Stiftelsen Robin Hood-huset	100 000	Inkludering, strategi og analyse
Ettertankens dag	50 000	Inkludering, strategi og analyse
Pilegrimssenter (Selja og Bergen)	300 000	Ålmenne kulturvernføremål
Modellbibliotek	200 000	Biblioteksutvikling
Idrettscampus Bergen	500 000	Idrett og friluftsliv: Idrettsarbeid
SUM KULI	4 550 000	

Næring:

Næring (tall i mill. kr.)	
Læreplassgaranti	1,4
Kompetanseheving fiskeri	1
Oppfylling av plaststrategien	1
SUM Næring	3,4

3. Investeringsbudsjett

Finansutvalet gjer følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

Post	2021	2022	2023	2024
Fv. 614 Svelgen - Indrehus			5	45
Fv. 565 Alversund bru				10
Mindre utbedringar	21,1			
Tunnelar - utbetring etter tunnelsikkerhetsforskrifta	-21,1			

Ferjeavløysing - Atløysambandet	1			
Finansiering				
Driftsmidler til investering (tunnel)		10	20	30

Verbalforslag:

1	<p>Vestland fylkeskommune har eit breitt spekter av arbeidsområde. Det gir moglegheiter for både lærlingar og traineestillingar. I dag er det mange studentar som ikkje får henta ut tilstrekkeleg arbeidserfaring (korkje i studietida eller etter endt studie) før dei skal ut å konkurrere i den ordinere arbeidsmarknaden. For elevar som går på yrkesfag er det samstundes framleis for mange som ikkje får tilbod om lærlingplass. Dette er to områder der Vestland skal vere ein føregangsorganisasjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Vestland Fylkeskommune skal tilby fleire traineestillingar.</i> • <i>Vestland Fylkeskommune skal auke talet på lærlingar.</i>
2	<p>Fylkestinget syner til at det i 2020 har vore søknader på fleire breibandsutbyggingsprosjekt som ikkje har fått støtte, og at behovet er større enn løyvingane. Fylkestinget vil i komande handsaming av rekneskap 2020 setje av deler av forventa overskot til breibandsutbygging.</p>

3	<p>Fylkestinget syner til administrativt innsparingsprogram som tilrår ei innsparing i administrative kostnader i 2021 på 30 mill.kr. Fylkesrådmannen skal konkretisere dei ulike innsparingstiltaka framover.</p> <p>Som grunnlag for å konkretisere innsparingstiltaka skal fylkesrådmannen med ekstern bistand gjennomgå Vestland fylkeskommune si organisering for å sikre ein tenleg og effektiv organisasjonsstruktur, regional balanse og merksemd på digitalisering.</p> <p>Organisasjonsgjennomgangen skal mellom anna vurdere;</p> <ul style="list-style-type: none"> • organisasjonsstruktur inkl storleiken på seksjonar/einingar, kontrollspenn og omfang av lokale stabsfunksjonar inkl merkantile ressursar • fordeling av ressursar og ansvar/oppgåver mellom sentrale og lokale stabsfunksjonar i administrasjonen og ytre einingar • organisatorisk effektivitet knytt til noverande innretting med delte kompetansemiljø versus geografisk samling av ulike fagmiljø («Center of expertise») • område med potensiale for digitalisering. • det er ein føresetnad at den desentraliserte strukturen vert vidareført <p>Det er ein føresetnad at tiltak gjennomførast i dialog med tillitsvalde og innanfor arbeidsmiljølovens ramme og det er ein føresetnad at den desentraliserte strukturen vert vidareført.</p>
4	<p>Fylkestinget meiner det er viktig for den enkelte ungdom og foreldre å skape tryggleik rundt busituasjon og fritid når ein bur borte frå heimen for å ta vidaregåande opplæring.</p> <p>Fylkestinget ber fylkesrådmannen kartlegga tilhøva for hybelbuarar i Vestland og komma attande med ei sak som syner korleis ein kan betra tilhøve for hybelbuarar gjennom bruk av miljøkoordinatorar eller andre sosiale tiltak. (Innan juni 2021).</p>
5	<p>Vestland Fylkesting har ei målsetjing om at vi skal auka gjennomføring og få fleire ut i lære på yrkesfag. Særskilt viktig er det å lykkast i overgangen frå vg2 til lærling.</p> <p>Fylkestinget ber fylkesrådmannen syta for at erfaringane frå prosjektet auka gjennomføring- fleire ut i lære frå tidlegare Hordaland og arbeidslivskontaktane i tidlegare Sogn og Fjordane, vert lagt til grunn for skulane og rettleiingstenestene sitt arbeid for å sikre overgangane.</p>
6	<p>Fylkestinget syner til budsjettet der elev-pc - egedel vert vidareført på kr 2 000,- og gjeld for heile Vestland.</p>
7	<p>Fylkestinget syner til at Vestland Fylkeskommune har mykje dårleg fylkesveg og det er eit stort behov for oppgradering på ei rekke vegar. Ekstra midlar på posten mindre utbetringar (21,1 mill) skal dirfor nyttast til enklare utbetringar på ulike strekningar på fylkesvegnettet kan betra trafikktryggleiken som til dømes sikt, kurvatur og vegbreidd.</p>
8	<p>Fylkestinget syner til at Regjeringa i sitt framlegg til statsbudsjett kutter løyvinga til oppfylgging av tunnelsikkerhetsforskrifta tilsvarande 21,1 mill for 2021. Vestland fylke er mellom dei fylka i Noreg som flest tunnelar som treng oppgradering etter forskrifta. Vestland fylke er i ein svært krevjande økonomisk situasjon, der ein i åra framover skal redusere driftsbudsjett og unngå ein kritisk høg gjeldsgrad. På bakgrunn av det kan ein ikkje fortsette å nytte meir midlar til tunnelsikring enn det som vert løyvd over statsbudsjettet då dette vil gå ut over anna drifts- og investeringsoppgåver. I 2021 skal fylkestinget handsame Regional Transportplan og fylkestinget vil der ta ei totalvurdering på kva for prosjekt som bør prioriterast både når det gjeld tunnelsikring, rassikring, vegvedlikehald, ferjeavløysing og andre prosjekt på fylkesvegnettet.</p> <p>Fylkestinget ber difor om at prioritering av tunnelsikringsprosjekt vert ein del av denne planen, og at ein justerer framdrifta på dette arbeidet etter kva ein kan forvente av løyvningsnivå.</p>
9	<p>Fylkestinget syner til Stortinget sitt bompengeforlik og byvekstavtala der Vestland fylke har forplikta seg til å redusere takstane på periodekortet på buss og bybane tilsvarande dei statlege løyvingane. Dette vert gjort. Samstundes har Vestland fylke høve til årleg å justere kollektivprisar i tråd med pris og kostnadsvekst. Samarbeidspartia er einig om at ein for 2021 ikkje skal auke prisen på einskildbilletten. Ein ber om at iverksetting av prisreduksjonen vert gjennomført så fort som mogleg.</p>
10	<p>Fylkestinget syner til at ein har hatt ulike ordningar for ungdomskort i dei gamle fylka. Fylkestinget innfører sams ungdomskort i heile Vestland med Hordaland si aldersgrense (inntil fylte 21 år) og pris med verknad frå same tidspunkt som andre taksendingar trer i kraft.</p>

11	Fylkestinget syner til debatten kring innfartsparkering i og rundt Bergen. Fylkestinget legg ikkje opp til at dette vert innført i 2021, men ber om at ein kjem attende med ei sak til SAMMO og FU om trafikale og økonomiske verknader for tiltaket. Fylkestinget ber og om at ein går i dialog med aktuelle kommunar om saka.
12	Fylkestinget syner til at dagens overgangsordning på TT arbeidskøyning (tilrettelagt transport) blir vidareført i budsjett 2021 for dei kommunane som tidlegare har fått dekkja dette av fylkeskommunen. TT-ordninga er svært viktig for mange funksjonshemma som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport til arbeid. Både for brukarane og familiane deira er dette eit avgjerande tilbod i kvardagen. Vestland vil halda fram dialogen med dei kommunane der fylkeskommunen i dag dekkjer dette tilbodet. Inntil ein avtale med desse kommunane er på plass vil fylkeskommunen dekkja kostnadane ved tiltaket og føreset at dette vert løyst innanfor ramma til kollektiveininga.
13	Fylkestinget syner til at fylkesrådmann i sitt framlegg har lagt opp til å auke kostnaden med billettkontroll med 6 mill. kr. Fylkestinget avviser denne auken.
14	Fylkestinget føreset at det snarast blir lagt fram ei sak om oppstart av KS2 for Atløysambandet, og om ein finansieringsmodell for rask gjennomføring av prosjektet med ferjeavløysingsmidlar, jmf nye statlege retningslinjer for forbetring av ferjeavløysingsordninga. Fylkestinget syner til at det er sett av 1 mill til KS2.
15	Fylkestinget ber om at ein i fastsetting av leiarløner gjennomfører ei moderat og rimeleg linje og at ein ikkje er lønsleiande, samt at ein ser til det totale lønnsnivå i organisasjonen.
16	Fylkestinget syner til transporttilbodet «servicelinjen i Bergen», og føreset at dette tilbodet vert vidareført innanfor ramma til kollektiveininga inntil eit anna tilbod er på plass jamfør tidlegare avtalar om dette mellom fylkeskommunen og Bergen kommune.

Avrøysting

Innstillinga vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (Frp, H og U).

Ekeland Bjørkly sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

Søviknes sitt forslag fekk 3 røyster (Frp og U) og fall.

Andersen sitt forslag fekk 2 røyster (FNB og U) og fall.

Øren Heen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (Frp og H).

Innstilling til fylkesutvalet

Budsjettdokumentet som vist i vedlegg til arbeidsdokument 6/20 er finansutvalet sitt framlegg til årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021 -2024 for Vestland fylkeskommune med desse endringane:

1. Finansutvalet syner til protokollen frå møte i finansutvalet 19.10.2020, og vedtakspunkt 7 der følgjande auke i sektorrammene vart vedteke:

SAMMO	89,9 mill
KULI	2,6 mill
Næring	2,4 mill
Sum	94,9 mill

I tillegg legg finansutvalet inn følgjande salderingstiltak:

Redusert overføring til disposisjonsfondet 2,95 mill

